



Arkivsaksnr.:  
2024/3395

Dokumentdato:  
05.03.2024

Styre:  
Fakultetsstyret ved Det humanistiske fakultet

Styresak:  
15/24

Møtedato:  
19.03.2024

---

## Studieplanar for lektorprogramma ved HF etter redesign av lektorutdanninga

---

### Bakgrunn

Sidan 2021 har lektorutdanninga ved UiB gjennomgått ein redesignprosess, der målet har vore «å få til ei betre innplassering av praksis og å styrkja samanhengen mellom praksis og undervisninga i disiplindefag, didaktikk og pedagogikk.»

[Redesign av lektorutdanninga](#) | [Lektorsenteret](#) | [UiB](#)

Etter vedtak våren 2023 om kva modell den redesigna lektorutdanninga skulle ha, har ein både på Lektorsenteret og i dei involverte fagmiljøa på institutta arbeidd med plassering av disiplinemne i ny modell og utarbeiding av nye emne i både didaktikk og disiplindefag.

Ulike faglege omsyn knytt til ulike disiplindefag har ført til at dei tre lektorprogramma ved HF, trass i ein felles modell, har falt ned på ulike løysingar for gjenbruk av bacheloremne og tilpassing av disiplinemne i semester med praksis. Oppretting av ekstra disiplinemne har i nokre tilfelle vore naudsynt, men det er òg inngått nye samarbeid som har resultert i tverrfaglege fellesemne både i disiplindefag og i didaktikk (framandspråk).

Det er no klart kva emne som skal inngå i dei nye programma, og det føreligg nye studieplanar for dei tre lektorprogramma ved HF, der mål og innhald, læringsutbyte og samansetjing av programma går fram. Emneplanar for dei einskilde emna er klare, og emna vert oppretta fortløpande. Både studie- og emneplanar er handsama i Felles programstyre for lektorutdanninga.

Redesignprosessen har vore langvarig og omfattande, og institutt og fakultet har i fleire omgangar gjort vurderingar knytt til både faglege og ressursmessige tilhøve. Fakultetsstyret får med dette studieplanane lagt fram for endeleg vedtak.

Første opptak til dei redesigna lektorprogramma blir til hausten 2024.

Vedlegg:

Studieplan for Lektorutdanning med master i framandspråk (MAHF-LÆFR)

Studieplan for Lektorutdanning med master i historie eller religionsvitenskap (MAHF-LÆHR)

Studieplan for Lektorutdanning med master i nordisk (MAHF-LÆNO)

**Forslag til vedtak:**

Fakultetsstyret vedtar dei reviderte studieplanane for lektorprogramma ved HF.


Camilla Brautaset  
dekan

Kim Ove Hommen  
fakultetsdirektør

# Lektorutdanning med master i framandspråk (engelsk, fransk, spansk eller tysk) (MAHF-LÆFR)

REDIGERT

 Studienivå: Mastergrad iht §4, 5 år (590)

 Sted: 184.11.20.00 Institutt for framandspråk

## Namn på grad

### Nynorsk

Master i engelsk med lektorkompetanse

Master i fransk med lektorkompetanse

Master i spansk med lektorkompetanse

Master i tysk med lektorkompetanse

## Omfang og studiepoeng

### Nynorsk

| Lektorutdanning med master i framandspråk (engelsk, fransk, spansk eller tysk) har eit omfang på 300 studiepoeng og er normert til 5 år.

## Fulltid/deltid

### Nynorsk

| Fulltid

## Undervisningsspråk

### Nynorsk

| Undervisninga i fag 1 (engelsk, fransk, spansk eller tysk) vil oftast vere på det aktuelle språket, men kan også vere på norsk. For alle andre fagemne, sjå den einskilde emneplanen.

## Studiestart - semester

### Nynorsk

| Haust

## Mål og innhald

### Nynorsk

Lektorutdanning med master i framandspråk (engelsk, fransk, spansk eller tysk) utgjer eit profesjonsstudium som utdannar lærarar for ungdomstrinnet og for den vidaregåande skolen (trinn 8-13). Utdanninga kombinerer solid fagkunnskap i engelsk/fransk/spansk/tysk (fag 1) og eitt anna universitetsfag (fag 2) med fagdidaktikk, pedagogikk og praksis.

Praksis er integrert i studiet i fire av dei fem studieåra.

Lektorutdanninga skal kvalifisere studentane til å vidareutvikle skolen som institusjon for læring og danning i eit demokratisk og fleirkulturelt samfunn. Studiet skal utdanne lærarar som er ansvarlege og som kan ta medansvar for elevar si læring og utvikling. I studiet vert det lagt vekt på å utvikle kompetanse til vidare fagleg og profesjonell utvikling. Såleis er det eit mål å fremje samhandling og kritisk refleksjon kring fag, undervisning og læring.

Studiet skal gi ei god innføring i vitenskaplege arbeidsmåtar og forskingsmetodar og trening i sjølvstendig arbeid med omfattande og krevjande faglege oppgåver. Undervisninga er forskingsbasert og omhandlar det teoretiske grunnlaget for faga, så vel som faga sine metodar. Det vert lagt vekt på analytisk tenking, teoretisk og praktisk problemløysing, trening i skriftleg og munnleg presentasjon og tilrettelegging for læring. Vidare skal studiet gi grundig kunnskap i fagdidaktikk og pedagogikk, om skolefaga og fremje dugleikar for praktisk yrkesutøving.

Framandspråkstudiet skal både gi teoretisk kunnskap og utvikle evne til å kommunisere godt. Emna kan her vere knytte til blant anna språkstruktur, språket i bruk, språkhistorie, omsetjing og grammatisk analyse. Eit språkstudium er også studium av kultur og samfunnstilhøve. Gjennom arbeid med ulike medium er det eit mål å gjere studentane kjende med litteraturen og med sosiale, kulturelle og politiske tilhøve i dei aktuelle språkområda. På høgare nivå i studiet kan studentane spesialisere seg i sjølvvalde faglege emne. I det siste året arbeider ein med masteroppgåva, som er eit sjølvstendig vitenskapelig arbeid skrive under rettleiing.

Som det andre faget i utdanninga vel ein eitt av faga engelsk, fransk, historie, sosiologi, nordisk, religionsvitenskap, spansk eller tysk. Alle desse faga har òg eit fagdidaktisk tilbod tilrettelagt for lektorutdanningsprogrammet.

# Læringsutbyte

## Nynorsk

Kandidaten skal ved avslutta program ha følgjande læringsutbyte definert i kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse:

### Kunnskapar

Kandidaten

- har avansert kunnskap i dei ulike disiplinane språkfaget (fag 1) er sett saman av og spesialisert innsikt i eit profesjonsrelevant fagområde, samt brei kunnskap innanfor fag 2
- har grundig innsikt i kultur, historie og samfunnstilhøve i dei aktuelle områda, inkludert urfolk sine perspektiv
- har grundig innsikt i språkssystem, språkbruk og språkvariasjon i det aktuelle framandspråket
- har grundig innsikt i litterære tekstar i det aktuelle framandspråket
- har inngåande kunnskap om relevant forskningslitteratur og grundig innsikt i vitenskaplege problemstillingar, teoriar og metodar i faglege, fagdidaktiske og pedagogiske spørsmål (i fag 1) og har grundig kjennskap til fagdidaktiske og pedagogiske teoriar
- har inngåande kunnskap om gjeldande utdanningsrelatert lov- og planverk, inkludert rettane til ungdom i vanskelege situasjonar
- har kunnskap om utvikling av skolen som organisasjon og faga som skole-, kultur-, og forskingsfag og brei forståing for skolen sitt mandat, verdigrunnlaget i opplæringa og i opplæringsløpet
- har kunnskap om ungdomskultur og ungdom si utvikling og læring i ulike sosiale og fleirkulturelle kontekstar, og kan nytte denne på nye område som er relevante for profesjonsutøvinga
- har kunnskap om samiske tilhøve

### Ferdigheiter

Kandidaten

- kan orientere seg i faglitteratur, analysere og ha ei kritisk haldning til informasjonskjelder og eksisterande teoriar i fagområda
- kan bruke faglitteratur og andre relevante informasjonskjelder til å strukturere og formulere faglege resonnement på ulike område
- kan bruke kunnskapane til å analysere fagleg materiale og drøfte faglege tema i framandspråket
- kan gjennomføre eit sjølvstendig, avgrensa og profesjonsrelevant forskingsprosjekt under rettleiing og i tråd med gjeldande forskningsetiske normer og konvensjonar for akademisk skrivning
- kan nytte forskings- og erfaringsbasert kunnskap til å identifisere og arbeide systematisk med grunnleggande dugleikar og planlegge og leie undervisning på ulike læringsarenaer som fører til gode faglege og sosiale læringsprosessar
- kan på eit sjølvstendig og fagleg grunnlag bruke varierte arbeidsmetodar og relevante metodar frå forskning og fagleg utviklingsarbeid til å differensiere læringsarbeidet
- kan tilpasse opplæring i samsvar med gjeldande læreplanverk, og skape motiverande og inkluderande læringsmiljø
- kan ha ei kritisk tilnærming til analoge og digitale læringsressursar, og nytte dei i undervisning, planlegging og kommunikasjon, og som del av eiga utvikling
- kan reflektere rundt eigen læringsprosess og utvikling av språkleg, kommunikativ og didaktisk kompetanse
- kan fremme etisk medvit og kritisk tenking hos ungdom gjennom arbeid med språklege, litterære og kulturelle tema
- kan bruke eigen faglege, kommunikative og didaktiske kompetanse i språkfaget/språkfaga til å fremme effektiv læring og refleksjon hos elevane
- kan gjere greie for teoriar om språklæring, språk, kultur og litteratur, drøfte desse i høve til kvarandre og bruke dei fagleg
- kan faget godt nok til å vere trygg i undervisningssamanheng, og kan kommunisere godt i språkfaget/språkfaga
- kan følgje normene for akademisk skrivning i masterfaget

### Generell kompetanse

Kandidaten

- kan bidra til nytenking og gjennomføre profesjonsretta fagleg og tverrfagleg utviklingsarbeid
- kan formidle og kommunisere faglege problemstillingar knytte til profesjonsutøvinga på eit høgt fagleg nivå
- kan opptre profesjonelt og kritisk reflektere over og analysere faglege, profesjonsetiske, forskningsetiske og utdanningspolitiske spørsmål og problemstillingar
- kan på sjølvstendig grunnlag vidareutvikle eigen kompetanse og bidra til fagleg og organisatorisk utvikling i skolen og blant kollegaer
- kan bygge relasjonar til elevar og føresette, og samarbeide med aktørar som er relevante for skoleverket, til dømes frå lokalt arbeids-, samfunns- og kulturliv
- Kan vurdere, bruke og utvikle ulike analoge og digitale læringsressursar inkl. multimodale tekster
- har innsikt i språkfaget sitt kultur- og danningspotensial og bidrar til å fremme språkleg og kulturelt mangfald
- opprettheld relevansen av framandspråka sine historiske og akademiske tradisjonar og reflekterer kritisk kring desse
- kan vurdere og dokumentere elevar si læring og kompetansen deira, gi læringsfremjande tilbakemeldingar og bidra til at elevane kan reflektere over eiga læring og eiga fagleg utvikling

## Opptakskrav

### Nynorsk

Generell studiekompetanse og kravkode LÆRALT:

- gjennomsnittskarakter 3 eller betre i norsk (393 timar) og
- **anten** gjennomsnittskarakter 3 eller betre i matematikk (224 timar) og minst 40 skolepoeng,
- **eller** gjennomsnittskarakter 4 eller betre i matematikk (224 timar) og minst 35 skolepoeng

(Karakterkravet i matematikk blir også dekt dersom ein har bestått eitt av følgjande programfag: S1, S2, R1 eller R2)

Politiattest (jf. forskrift om opptak til høgare utdanning, kapittel 6)

### Engelsk

## Tilrådde forkunnskapar

### Nynorsk

Studentar som vel engelsk som fag 1 eller 2 bør ha studiespesialiserande programfag i engelsk frå vidaregåande skole. Studentar som vel fransk, spansk eller tysk som fag 1 eller 2 bør ha minimum nivå A2 (CEFR\*) eller nivå I/II i desse frå vidaregåande skole.

\* (<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/kjennetegn/kjennetegn-pa-maloppnaelse-fremmedsprak-niva-ii/>)

Studentar som vel nordisk som fag 2 bør meistre både bokmål og nynorsk godt.

## Obligatoriske emne

### Nynorsk

I programmet inngår obligatoriske emne i fag 1, fag 2, fagdidaktikk og pedagogikk. Desse emna er spesifiserte under «Rekkefølge for emne i studiet».

Totalt inngår 100 dagar praksis:

- 10 dagar som del av PEDA130
- 10 dagar som del av didaktikkemne
- 2 x 35 dagar som eigne langpraksisemne
- 10 dagar kampuspraksis

På masterstudiet skal studenten skrive ei masteroppgåve med eit omfang på normalt 70-110 sider, med ein påfølgande munnleg eksamen. Masteroppgåva gir 60 studiepoeng. Emnet for masteroppgåva kan hentast frå alle disiplinær i fag 1, inkludert fagdidaktikk. Det er gjort nærare greie for masteroppgåvearbeidet i eigne emneplanar.

## Spesialisering

### Nynorsk

| Sjå emnelista under «Rekkefølge for emne i studiet» for nærare informasjon.

## Tilrådde valemne

### Nynorsk

| Det er ingen valemne i studieprogrammet.

## Rekkefølge for emne i studiet

## Nynorsk

### 1. semester (haust):

- Førstesemesterstudiet:

EXPHIL-HFSEM/EXPHIL-HFEKS, Examen philosophicum (10 stp)

- Fag 1:

Engelsk: ENG100 (10 stp)

Fransk: FRAN100 (10 stp)

Spansk: SPLA100 (10 stp)

Tysk: TYS100 (10 stp)

- Pedagogikk:

PEDA130 (10 stp - med integrert praksis, 10 dager)

### 2. semester (vår):

- Fag 1:

Engelsk: ENG110 (15 stp.) og ENG125 (15 stp)

Fransk: FRAN120 (10 stp), FRAN121 (10 stp) og FRAN122 (10 stp)

Spansk: SPLA107 (10 stp), SPLA108 (10 stp) og SPLA109 (10 stp)

Tysk: TYS105 (10 stp.), TYS106 (10 stp.) og TYS108 (10 stp.)

- Praksis:

KAMPUSDAG 1 og KAMPUSDAG 2

### 3. semester (haust):

-Fag 2:

Engelsk: ENG100 (10 stp) og ENG122L (10 stp)

Fransk: FRAN123 (10 stp) og FRAN124 (10 stp)

Spansk: SPLA100L2 (10 stp) og SPLA110 (10 stp)

Tysk: TYS100 (10 stp) og TYS115 (10 stp)

Historie: HIS120 (5 stp) og eitt av emna HIS108/113/114/115/116 (15 stp)

Nordisk: NOLI103-L (10 stp) og NOSP105 (10 stp)

Religionsvitenskap: RELV103 (15 stp) og RELV107 (5 stp)

Sosiologi: SOS100B (10 stp) og MET104 (10 stp)

- Fagdidaktikk i fag 1:

Engelsk: ENGDI100-P (10 stp - med integrert praksis, 10 dager)

Fransk, spansk og tysk: FRAMDI100-P (10 stp - med integrert praksis, 10 dager)

### 4. semester (vår):

- Fag 2:

Engelsk: ENG110 (15 stp.) og ENG125 (15 stp.)

Fransk: FRAN120 (10 stp), FRAN121 (10 stp) og FRAN122 (10 stp)

Spansk: SPLA107 (10 stp), SPLA108 (10 stp), SPLA109 (10 stp)

Tysk: TYS105 (10 stp.), TYS106 (10 stp.), TYS108 (10 stp.)

Nordisk: NOSP104 (15 stp) og NOLI102 (15 stp)

Religion: RELV101 (15 stp) og RELV105 (15 stp)

Historie: HIS101 (15 stp) og HIS102 (15 stp)

Sosiologi: SOS121 (10 stp), MET103 (10 stp) og valemne i sosiologi (10 stp)

- Praksis:

KAMPUSDAG 3 og KAMPUSDAG 4

Mogleg å reise på utveksling

### **5. semester (haust):**

- Fag 1:

Engelsk, fransk, spansk, tysk: LÆFR101 (10 stp)

- Fagdidaktikk i fag 2:

Engelsk: ENGDI100 (10 stp)

Fransk, spansk, tysk: FRAMD100 (10 stp)

Historie: HIDID100 (10 stp)

Nordisk: NODI100

Religionsvitenskap: RELDI100 (10 stp)

Sosiologi: SAKDI102B (10 stp)

- Pedagogikk:

PEDA131 (10 stp)

- Praksis

35 dagar praksis

KAMPUSDAG 5

### **6. semester (vår):**

- Fag 1:

Engelsk:

enten ENG266L (10 stp) + ENG225L (10 stp) eller ENG227L (10 stp)  
eller ENG226L (10 stp) + ENG265L (10 stp) eller ENG267L (10 stp)

Fransk:

enten FRAN206L (10 stp) og FRAN255L (10 stp)  
eller FRAN205L (10 stp) og FRAN256L (10 stp)

Spansk: SPLA206 (10 stp) og SPLA207 (10 stp)

Tysk: TYS203 (10 stp) eller TYS206 (10 stp)

- Fag 2 (bacheloroppgåve):

Engelsk: ENG265L (10 stp) eller ENG267L (10 stp) eller ENG266L (10 stp) eller ENG268L (10 stp)

Fransk: FRAN255L (10 stp) eller FRAN256L (10 stp)

Tysk: TYS253 (10 stp)

Spansk: SPLA256 (10 stp)

Historie: HIS250L (10 stp)

Religion: RELVI250-L (10 stp)

Nordisk: NOLI250-L (10 stp) eller NOSP256-L (10 stp)

Sosiologi: SOS250 (10 stp)

Mogleg å reise på utveksling.

### **7. semester (haust):**

- Fag 1 masternivå:

Engelsk: Vel tre av følgjande emne:

ENG339 Engelsk lingvistikk I (10 stp)

ENG341 Engelsk lingvistikk II (10 stp)

ENG343 Engelsk lingvistikk III (10 stp)

ENG331 Engelskspråkleg litteratur/kultur I (10 stp)

ENG332 Engelskspråkleg litteratur/kultur II (10 stp)

ENG333 Engelskspråkleg litteratur/kultur III (10 stp)

NB! Du må ha minst 30 stp i faget (lingvistikk eller litteratur/kultur) du skal skrive masteroppgåve i.

Fransk: FRAN312 (15 stp) og FRAN307 (15 stp)

Spansk: obligatorisk utveksling.

Dei som ikkje har høve til å reise på utveksling kan søkje om fritak.

Dei som får fritak tar SPLA311 (10 stp), SPLA312 (10 stp) og SPLA313 (10 stp)

Tysk: TYS307 (15 stp) og TYS309 (15 stp) eller TSAK319\* (15 stp)

\*(UiB og NTNU vekslar på emneansvaret for TSAK319)

- Praksis

KAMPUSDAG 6 og KAMPUSDAG 7

### **8. semester (vår):**

- Fag 1 masternivå:

Engelsk: ENG347 (10 stp) eller ENG335 (10 stp)

NB! Du må ha minst 30 stp i faget (lingvistikk eller litteratur/kultur) du skal skrive masteroppgåve i.

Fransk: FRAN313L (10 stp) eller FRAN308L (10 stp)

Spansk: SPLA314 (10 stp)

Tysk: TYS312 (10 stp)

- Fagdidaktikk i fag 1:

Engelsk: ENGDI300 (10 stp.)

Fransk, spansk, tysk: FRAMD300 (10 stp)

- Pedagogikk:

PEDA132 (10 stp)

- Praksis

35 dagar praksis

KAMPUSDAG 8

### **9. semester (haust) og 10. semester (vår):**

- Fag 1 masteroppgåve:

Engelsk: ENG350 (60 stp)

Fransk: FRAN350 (60 stp)

Spansk: SPLA350 (60 stp)

Tysk: TYS350 (60 stp)

Alle emna i kursdelen av master (totalt 60 stp) må være greidd før innlevering av masteroppgåva

- Praksis

KAMPUSDAG 9 og KAMPUSDAG 10 (i 10. semester)

## Delstudium i utlandet

### Nynorsk

Studentane blir oppmoda om å ta delar av studiet i utlandet. Eit opphald ved eit utanlandsk universitet kan gje både breidde og djupne i læringsutbyttet til studiet, i tillegg til språkkunnskapar og verdifull internasjonal røynsle.

Eit utanlandsopphald bør planleggjast i god tid på førehand og kan bli rettleidd og avtalt i samarbeid med studiekonsulent på programmet og dei faglege ansvarlege institutta.

I lektorprogrammet i framandspråk er det tilrådd med utveksling i 4. og 6. semester, avhengig av fagkombinasjon og om det er fagleg og praktisk mogleg. Med spansk som fag 1 er det obligatorisk utveksling i 7. semester.

Tilrådde [utvekslingsstader finn ein på nettsida til studieprogrammet: http://www.uib.no/studieprogram/MAHF-LÆFR](http://www.uib.no/studieprogram/MAHF-LÆFR).

Ein kan òg velje frå Universitetet i Bergen sine avtaler med studiestader i heile verda. [All informasjon om utveksling finn ein på https://www.uib.no/utveksling](https://www.uib.no/utveksling).

## Arbeids- og undervisningsformer

### Nynorsk

Undervisninga er forskningsbasert og omhandlar det teoretiske grunnlaget for faget, så vel som metodar knytte til faget. Studenten skal gjennom studiet få møte undervisning i ulike former med ulike typar lærings- og refleksjonsaktivitetar (t.d. førelesingar, seminar, gruppearbeid, skriftlege og munnlege presentasjonar, omgreps- og problemfokuserde oppgåver, problembasert læring, aksjonsforskning, rettleiing og praktisk bruk av digitale verktøy). For nærare informasjon, sjå dei einskilde emneplanane.

Læring gjennom rettleidd praksis i skolen står sentralt i studiet. Studenten vil få observere undervisning og planlegge og gjennomføre undervisning åleine og i samarbeid med medstudentar. Det vert i denne samanhengen lagt vekt på erfaringsutvikling gjennom refleksjon, samtale og oppgåveskriving.

Eit gjennomgåande trekk ved undervisninga skal vere å kombinere tileigning av fagleg kunnskap med kompetanse i å kunne leggje til rette for elevar si læring og utvikling.

I tillegg til den undervisninga som vert tilbydd, vert studentane oppmoda om å også sjølv organisere eigne kollokviegrupper og skrivegrupper.

## Vurderingsformer

### Nynorsk

Gjennom studiet møter studentane ulike vurderingsformer. Til dømes skriftleg skuleeksamen, rettleidd oppgåve, heimeeksamen, munnleg presentasjon, munnleg prøve og mappevurdering.

Vurderingsformene er tilpassa læringsutbyttet i dei ulike emna.

For nærare informasjon om vurderingsformer, sjå dei einskilde emneplanane.

## Vitnemål og vitnemålstillegg

### Nynorsk

Vitnemål og vitnemålstillegg blir skriva ut etter at graden er fullført.

## Karakterskala

### Nynorsk

Ved sensur av emna i programmet kan det bli nytta ein av to karakterskalaer:  
A-F, der F er stryk  
greidd/ikkje greidd  
Sjå emneplanen for det einskilde emnet.

## Grunnlag for vidare studium

### Nynorsk

Fullført lektorutdanning med master i framandspråk med gode resultat kvalifiserer til å søkje om opptak på doktorgradsstudium i relevante fag.

## Relevans for arbeidsliv

### Nynorsk

Lektorutdanning med master i framandspråk kvalifiserer for tilsetjing på trinn 8-13 i den norske skolen. Lektorutdanninga gir grunnlag for undervisning i to fag og kvalifiserer for opptak til doktorgradsstudium.

I tillegg gir lektorutdanning eit godt grunnlag for yrke utanfor skolen der fagkunnskap, formidling og relasjonskompetanse står sentralt, bl.a. i media, organisasjonar, forvaltning og forlag.

## Evaluering

### Nynorsk

Studieprogrammet blir kontinuerleg evaluert i tråd med retningslinene for kvalitetssikring ved UiB. Emne- og programevalueringar finn ein på [UiBs kvalitetsbasen: https://kvalitetsbasen.app.uib.no/](https://kvalitetsbasen.app.uib.no/).

## Skikkavurdering og autorisasjon

### Nynorsk

Ifølgje Forskrift om skikkavurdering i høgare utdanning (nr. 1714) fastsett av Kunnskapsdepartementet 27. oktober 2023 med heimel i lov 1. april 2005 nr. 15 om universitet og høgskular § 4-10 første og sjette ledd, skal det gjennom heile studiet gjerast vurderingar av om studenten er skikka til læraryrket, og sluttvurdering og vitnemål for fullført utdanning føreset at studenten er vurdert som skikka (jf. § 4-10 andre ledd).

## Programansvarleg

### Nynorsk

Det humanistiske fakultet ved Institutt for framandspråk har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet.

Felles programstyre for lektorutdanning ved UiB har eit overordna koordinerande ansvar.

## Administrativt ansvarleg

### Nynorsk

Det humanistiske fakultet har det administrative ansvaret for studieprogrammet.


## Kontaktinformasjon


### Nynorsk

Studierettleiara på programmet: [lektor@hf.uib.no](mailto:lektor@hf.uib.no), tlf. 55 58 93 82

# Lektorutdanning med master i historie eller religionsvitenskap (MAHF-LÆHR)

REDIGERT

 Studienivå: Mastergrad iht §4, 5 år (590)

 Sted: 184.11.22.00 Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap

## Namn på grad

### Nynorsk

Master i historie med lektorkompetanse

Master i religionsvitenskap med lektorkompetanse

## Omfang og studiepoeng

### Nynorsk

Lektorutdanning med master i historie eller religionsvitenskap har eit omfang på 300 studiepoeng og er normert til 5 år.

## Fulltid/deltid

### Nynorsk

Fulltid

## Undervisningsspråk

### Nynorsk

Undervisninga i fag 1 (historie eller religionsvitenskap) vil oftast vere på norsk, men kan òg vere på engelsk.

Dersom ein vel eit framandspråk som fag 2, vil undervisninga som oftast vere på det aktuelle språket, men den kan òg vere på norsk.

## Studiestart - semester

### Nynorsk

Haut

## Mål og innhald

### Nynorsk

Lektorutdanning med master i historie eller religionsvitenskap er ei kombinert fagutdanning og profesjonsstudium. Programmet utdannar lærarar for ungdomstrinnet og for den vidaregåande skolen (trinn 8-13). Utdanninga kombinerer solid fagkunnskap i historie eller religionsvitenskap (fag 1) og eitt anna universitetsfag (fag 2) med fagdidaktikk, pedagogikk og praksis.

Lektorutdanning med master i historie eller religionsvitenskap gir fordjuping i korleis kultur og samfunn har utvikla seg gjennom ulike tider. Begge faga bidrar med stadig nye og kritiske innfallsvinklar for å forstå endringar i samfunnet og kulturen. Dette gjeld til dømes politikk, økonomi, religion, kunst og kultur, familieliv, kjønn, krigføring og etikk i fortid og samtid. Historiefaget gir brei kunnskap om og innsikt i viktige sider ved samfunnsutviklinga, i og utanfor Noreg, i eldre og moderne tid. Religionsvitenskap er eit samanliknande, krysskulturelt fag, samtidig som det utforskar lange linjer i religionane si utvikling. Med røter i både dei humanistiske og samfunnsorienterte vitenskapane, er historie- og religionsfaga viktige i norsk skole. Faga bidrar mellom anna til felles referanserammer, kritisk refleksjon, fleirkulturell kompetanse og demokratisk danning. I det siste året arbeider ein med masteroppgåva, som er eit sjølvstendig vitenskapleg arbeid skrive under rettleiing.

Lektorutdanninga skal kvalifisere studentane til å vidareutvikle skolen som institusjon for læring og danning i eit demokratisk og fleirkulturelt samfunn. Studiet skal utdanne lærarar som er ansvarlege og som kan ta medansvar for elevar si læring og utvikling. I studiet vert det lagt vekt på å utvikle kompetanse til vidare fagleg og profesjonell utvikling. Såleis er det eit mål å fremje samhandling og kritisk refleksjon kring fag, undervisning og læring. Praksis er integrert i studiet i fire av dei fem studieåra.

Studiet skal gi ei god innføring i vitenskaplege arbeidsmåtar og forskingsmetodar og trening i sjølvstendig arbeid med omfattande og krevjande faglege oppgåver. Undervisninga er forskingsbasert og omhandlar det teoretiske grunnlaget for faga, så vel som faga sine metodar. Det vert lagt vekt på analytisk tenking, teoretisk og praktisk problemløysing, trening i skriftleg og munnleg presentasjon og tilrettelegging for læring. Vidare skal studiet gi grundig kunnskap i fagdidaktikk og pedagogikk og om skulefaga. Programmet fremjar og dugleikar for praktisk yrkesutøving.

Som det andre faget i utdanninga (fag 2) vel ein eitt av faga historie, religionsvitenskap, sosiologi, nordisk, engelsk, fransk, spansk språk og latinamerikastudium eller tysk. Alle desse faga har òg eit fagdidaktisk tilbod tilrettelagt for lektorutdanningsprogrammet.

# Læringsutbyte

## Nynorsk

Kandidaten skal ved avslutta program ha følgjande læringsutbyte definert i kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse:

### Kunnskapar

Kandidaten

- har avansert kunnskap i historie eller religionsvitenskap og spesialisert innsikt i eit profesjonsrelevant fagområde
- har inngåande kunnskap om historiefaglege eller religionsvitenskaplege tema, problemstillingar, forskingsteoriar og -metodar, samt forskningsetiske utfordringar.
- har god kunnskap i det valde fagets historie, tradisjonar, eigenart og plass i skolen og samfunnet
- har kunnskap om relevant lov- og planverk, om utviklinga av skolen som organisasjon og brei forståing for skolen sitt mandat, verdigrunnlaget i opplæringa og i opplæringsløpet
- har avansert kunnskap i fagdidaktikk innan historie eller religionsvitenskap
- har kunnskap om ungdomskultur og ungdom si utvikling og læring, ungdom i vanskelege situasjonar og deira rettar
- har kunnskap om fleirkulturelle kontekstar, nasjonalt og internasjonalt, her under samiske tilhøve

### Ferdigheiter

Kandidaten

- kan orientere seg i faglitteratur, analysere og ha ei kritisk haldning til kjelder, eksisterande teoriar og metodar i det valde fagområdet
- kan bruke faglitteratur og relevante kjelder på ein sjølvstendig måte og i samsvar med normene for akademisk skriving i faget
- kan gjennomføre eit sjølvstendig, avgrensa og profesjonsrelevant forskingsprosjekt i tråd med gjeldande forskningsetiske normer
- kan nytte forskings- og erfaringsbasert kunnskap til å planlegge og leie undervisning på ulike læringsarenaer som fører til gode faglege og sosiale læringsprosessar
- kan på eit sjølvstendig og fagleg grunnlag bruke varierte arbeidsmetodar og relevante metodar frå forskning og fagleg utviklingsarbeid til å differensiere undervisning
- kan tilpasse opplæring i samsvar med gjeldande læreplanverk, og skape motiverande og inkluderande læringsmiljø
- kan ha ei kritisk, sjølvstendig tilnærming til digitale verkøy og nytte dei i undervisning, planlegging og kommunikasjon og rettleie unge i den digitale kvardagen
- kan vurdere og dokumentere elevar si læring og kompetansen deira, gi læringsfremjande tilbakemeldingar og bidra til at elevane kan reflektere over eiga læring og eiga fagleg utvikling

### Generell kompetanse

Kandidaten

- kan bidra til nytenking, gjennomføre forskingsarbeid og profesjonsretta utviklingsarbeid, og legge til rette for at ein kan involvere lokalt arbeids-, samfunns- og kulturliv i opplæringa
- kan handtere, vurdere og analysere komplekse saksbilete, syntetisere relevant informasjon, samt å grunngje eigne slutningar
- kan formidle og kommunisere faglege problemstillingar knytte til profesjonsutøvinga, både på eit høgt fagleg nivå og tilrettelagt for elevar og ålmenta
- kan opptre profesjonelt og kritisk reflektere over og analysere faglege, profesjonsetiske, forskningsetiske og utdanningspolitiske spørsmål
- kan på sjølvstendig grunnlag vidareutvikle eigen kompetanse og bidra til fagleg og organisatorisk utvikling i skolen og blant kollegaer
- kan bygge relasjonar til elevar og føresette, og samarbeide med aktørar som er relevante for skoleverket

# Opptakskrav

## Nynorsk

Generell studiekompetanse og kravkode LÆRALT:

• gjennomsnittskarakter 3 eller betre i norsk (393 timer) og

**anten** gjennomsnittskarakter 3 eller betre i matematikk (224 timer) og minst 40 skulepoeng

**eller** gjennomsnittskarakter 4 eller betre i matematikk (224 timer) og minst 35 skulepoeng (Karakterkravet i matematikk blir også dekt dersom ein har bestått eitt av følgjande programfag: S1, S2, R1 eller R2)

I tillegg: Politiattest (jf. forskrift om opptak til høgare utdanning, kapittel 6)

## Tilrådde forkunnskapar

### Nynorsk

Studentar som vel nordisk som fag 2 bør meistre både bokmål og nynorsk godt.

Studentar som vel engelsk som fag 2 bør ha studiespesialiserande programfag i engelsk frå vidaregåande skole.

Studentar som vel fransk, spansk eller tysk som fag 2 bør ha minimum nivå A2 (CEFR\*) eller nivå I/II i desse frå vidaregåande skole.

\* (<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/kjennetegn/kjennetegn-pa-maloppnaelse-fremmedsprak-niva-ii/>)

## Innføringsemne

### Nynorsk

-

## Obligatoriske emne

### Nynorsk

I programmet inngår emne i historie eller religionsvitenskap, fag 2, fagdidaktikk, pedagogikk og ex.phil. Dei fleste emna er obligatoriske. Ei oversikt over kva emne som er obligatoriske vil ein finne under «Rekkefølge for emne i studiet».

Praksis: Totalt inngår 100 dagar praksis:

- 10 dagar som del av PEDA130
- 10 dagar som del av didaktikkemne i tredje semester
- 2 x 35 dagar som egne langpraksisemner
- 10 dagar kampuspraksis

